



Fjørårsløpet vart ein stor suksess i fint ver. Her er ein gjeng ved ein post på Kjærlandssido. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Idrettslaget hadde stor suksess i fjor med sykkelrebusløp "rundt dalen" den 1. mai og satsar naturleg nok på å gjenta suksessen i år

. "Løypa" er som før 5,6 kilometer – den går opp Kjærlandssido og ned Døsslandssido. Dette er tredje gong rebusløpet blir halde.

- Det er eit unikt arrangement i Kvinnherad, understrekar leiar Michael Røssland og viser til Cathrine Haugland som er primus motor.
Ho fortel til uskedalen.no at det blir ei endring samanlikna med i fjor. I år får folk starta når dei vil frå klokka 11 og utover, men alle må vera i mål før 13.45 for klokka 14 er det premieutdeling..
Som i fjor er sjølvsagt også pensjonistar og andre som ønskjer å gå og ikkje sykla velkome.

Dette er eit typisk familiearrangement, ein fin fysisk og sosial aktivitet for både store og små. Dessuten stiller den krav også til hjernevinningane!

I år er det turngruppeleiar Hege Lekva som er ansvarleg for rebusane. I fjor var det Bjarte Døssland som hadde klekka ut dei og fekk mykje ros.

Av Ola Matti Mathisen